



Mange svingar seg på Dønhaug, mellom andre Berit Harriet og Ivar Kåre Døsland. No kjem også Festidalen dit (Foto:Ola Matti Mathisen)

2011 var på alle måtar eit godt og innhaldsrikt år for Uskedalen. Mykje samfunnsnyttig arbeid vart utført, mykje er under arbeid og det føreligg planar for framtida. I stikkordsform vil vi oppsummera året slik:



Hagetunet er eit vellukka prosjekt og fleire kjem. Gunnar Kjærland trivs i ny bustad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- * Det føreligg godkjende reguleringsplanar for bustadbygging i øvre og nedre Halsabråtet og det fyrste huset er på plass i Ospelund byggefelt
- * Det kjem fleire hus til i Skårhaug
- * Det er semje om vidare utvikling av Rabben feriesenter og Øyro Marina
- * I veka før jul vart det montert vegljøs på vegen ned til Beinavikjo
- * Vegen ved Dønhaughølen på Øvre Fet er sikra og utbetra
- * Busslomma på Ljosnes er på plass
- * Kloakkreinseanlegget for sentrum er i drift
- * Børnes Industriområde med kaien er langt på veg rydda for skrot. Det føreligg planar for vidare utvikling av område.
- * Uskedalen Brygge AS har starta arbeidet med dei siste bueiningane i Beinavikjo. Med ei ferdigstilling høyrer 20 seksjonar til Sameiga Uskedalen Brygge.
- * Bustadprosjektet på begge sider av vegen i Myro er fullført
- * Kvinnherad Vekstbedrift (før AFA) gjer grunnarbeidet for ei større utviding av sine produksjonslokale
- * Hjønnvåg utviklar nye produkt av høg kvalitet og har eit godt omdøme som fiskematprodusent
- * Vegen ned til skulen er utvida og asfaltert.
- * Alle formelle vedtak er på plass for oppstart av bygging på Eikelandet
- * Bustadfeltet langs riksvegen på Eik fyllest opp
- * Kafe Tlaren har funne si form og det er montert nytt kjøkken i Gamleskulen
- * Spar Uskedalen har starta arbeidet med ei større utviding av butikken og parkeringsplassen
- * Systrene Nilsen driv restaurant og Myklebust kai er renovert
- * Dønhaug Feriegard har funne si driftsform og plassen er særleg profilert som ein av dei største låvedansarenaene på Vestlandet
- * Det er montert ei rekkje turskilt med kart og informasjon om fjellturane i Uskedalen
- * Arbeidet med å profilera Uskedalen som eit besøksmål held fram med mellom anna ny informasjonsbrosjyre, facebookside og mykje positiv omtale av tilreisande gjester
- * Nettsida uskedalen.no med langt over 1000 brukarar i døgeret held fram med god og fyljing informasjon om det som skjer i bygda
- * Eit eige kultiveringsarbeid i Uskedalselva syner gode resultat og elva er rekna mellom dei beste i regionen
- * Mange grupper finn vegen til klatreveggen i Ulvanåso og fjella i Uskedalen

er eit kjend utfartsmål i Sør Noreg

- * Friheim gardsmat merkar eit aukande besøk og det er stor interesse for produkta deira
 - * Eidsvik skipsbyggeri er sikra nye kontraktar
 - * Uskedal Trelastlager er ei tradisjonsrik verksemd med vekt på kvalitet i utført arbeid og vareutval
 - * Auto 88 med ei tilpassa driftsform er etterspurd og vert nytta av kundar frå heile kommunen
 - * Vi har lukkast med aksjonen Fyll opne butikkvindaugo, no sist ved at ei verksemd for kjøleservice tek i bruk butikklokala som i si tid var Jac.Haugland eft.
 - * Uskedal Vassverk har styrkt sin stilling med dei siste godkjenningar for ei sikker vassforsyning
 - * Det føreligg planar for renovering av Uskedal skule. Den fyrste løyvinga er sikra i budsjettet
 - * Kommunevalet 2011 var eit godt lokalval for Uskedalen med 6 mandat, representant i Formannskapet og medlemmer i sentrale råd og utval
- Så har vi mykje å gle oss til i 2012.

- * Festidalen førebur ei stor kulturell hending på Dønhaug 2. helga i august.
- * Planarbeid for renovering av kjellaren i Gamleskulen vil ta til.
- * Ei von har vi og om ein stadanalyse som eit grunnlag for vidare arbeid med ein sentrumsplan

Ei oppmoding til slutt.

Tenk positivt, tenk samarbeid og tenk bygdeutvikling til beste for kvar einskild og for fellesskapet.

Kom og ver med i eit samfunnsgagnleg arbeid for ei betre bygd å bu og feriera i.

Uskedalen Utvikling

Kristian Olav Bringedal

Arbeidsgruppe for informasjon, turisme og profilering



Dette området har eit stort potensiale for utvikling